

Oppdater info på skulen - tekstforslag

Forslag 1. Om Tibi

Til bruk på nettsider, intranett eller andre relevante stader. Tilpass etter behov!

Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur

Tibi (tidlegare NLB) er ei teneste frå Nasjonalbiblioteket som lagar og låner ut tilrettelagd litteratur. Alle som strevar med å lesa visuell tekst, kan låna lydbøker, e-bøker og punktskriftbøker hos Tibi.

Stort og variert utval

Tibi har bøker for barn, ungdom og vaksne. Vel blant tusenvis av titlar i alle sjangrar. Elevar kan også låna skulelydbøker hos Tibi.

Kven kan låna?

Dysleksi og andre lesevanskar, ADHD, kognitive utfordringar eller nedsett syn kan vera det som gir lesevanskar og lånerett hos Tibi.

Enkel tilgang på nett og mobil

Elevane kan låna og lytta til bøkene på mobil og nettbrett med Tibi-appen (tidlegare Lydhør). Nettsida gir også god oversikt over utvalet. Appen Tibi junior er utvikla for barn frå 8 til 12 år med dysleksi eller andre lesevanskar. Den har speleelement som kan motivera til lesing.

Korleis melde inn elevar?

Tibi og Statped samarbeider om innmelding og utlån. Skulen melder inn elevar som treng skulelydbøker, hos Statped. Då blir dei også lånarar hos Tibi og kan låna begge stader med same lånarnummer og PIN-kode.

Kontakt

www.tibi.no

E-post: utlaan-tibi@nb.no

Telefon: 22 06 88 10 (kvardagar kl. 10-14)

Forslag 2. Kortare om Tibi

Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur

Tibi (tidlegare NLB) er ei teneste frå Nasjonalbiblioteket som lagar og låner ut tilrettelagd litteratur. Alle som strevar med å lesa visuell tekst, kan låna lydbøker, e-bøker og punktskriftbøker hos Tibi.

Tibi har bøker i alle sjangrar for barn, ungdom og vaksne. Lån digitalt og lytt med mobil og nettbrett.

Dysleksi og andre lesevanskar, ADHD, konsentrasjonsvanskar eller nedsett syn kan vera det som gir lesevanskar og lånerett. Tibi og Statped skulelydbok samarbeider om innmelding og utlån.

Du finn meir informasjon om tilbodet på tibi.no (lenke).